

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring		17.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

### Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 for regional plan for innovasjon og næringsutvikling

#### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget i Vestland vedtek Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 for regional plan for innovasjon og næringsutvikling
2. Fylkestinget gir fylkesdirektøren fullmakt til å gjøre tekniske endringar i handlingsprogrammet i tråd med rammene i denne saka. Dette skal skje i samråd med fylkesordførar.
3. Fylkestinget ber hovudutval for næring ta ansvar for å følgje opp handlingsprogrammet, mellom anna gjennom vedtak av årsplanar
4. Fylkestinget legg til grunn at partnarskapen innan innovasjon og næringsutvikling innrettar ressursbruken sin for å nå vedtekte mål i handlingsprogrammet. Samla ressursbruk bør bli synleggjort og konkretisert gjennom årsplanane.
5. Konsekvensar for økonomi og ressursdisponering i fylkeskommunen vert å ta stilling til i samband med årsplanar, årleg budsjett og økonomiplan

#### Samandrag

I denne saka legg vi fram Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025. Dette er handlingsprogrammet til Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 som fylkestinget vedtok i juni 2021. I framlegg til handlingsprogram er det utforma delmål og strategiar for satsingane i planen, peika på sentrale aktørar som skal bidra til å få planen realisert og sagt noko om oppfølginga vidare. Vi har også peika på nokre kritiske oppdrag for at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

Bård Sandal  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg:

## Framlegg til Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025

Vedlegg som ikke følgjer saka:

[Berekraftig verdiskaping - regionalplan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033 og høyringsinnspel til planen er å finne på vlfk.no](#)

## Saksutgreiing

### 1. Bakgrunn

#### 1.1 Bakgrunn for at denne saka er lagt fram

Fylkestinget vedtok 16. juni 2021 i sak 38/2021, Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling. Saman med planen vedtok fylkestinget eit handlingsprogram for 2021 og gav administrasjonen i oppdrag å utarbeide eit fireårig handlingsprogram.

I denne saka legg vi fram eit handlingsprogram for 2022-2025. Programmet er forankra i den regionale planen som er utarbeidd i eit tett samarbeid med aktørar frå ulike organisasjonar. Vi har teke utgangspunkt i dei fire satsingane i den regionale planen med tilhøyrande mål. Det er utarbeida framlegg til delmål for satsingane, samt strategiar for å oppnå desse delmåla. Det vert også peikar på sentrale aktørar for å gjennomføre strategiane.

#### 1.2 Kort om plan, handlingsprogram og årsplan

Handlingsprogrammet er fireårig. Behov for justering skal vurderast kvart år, i tråd med plan- og bygningslova. Det skal utarbeidast årsplanar som skal sikre ressursar og plassere ansvar for å gjennomføre dei felles strategiane i handlingsprogrammet. Handlingsprogrammet konkretiserer satsingane og måla, og peikar på sentrale aktørar. Årsplanane kjem til å vere meir detaljerte med tanke på konkrete tiltak, ressursdisponering, verkemiddelbruk, og ansvarlege. Kopling til økonomi og budsjett i fylkeskommune vil skje i desse årsplanane, som blir vedtekne av hovudutval for næring.

Den regionale planen, Handlingsprogram 2022-2025 for Berekraftig verdiskaping, og årsplanen er for heile fylket. Det skal gje retning og forplikte partnarane i fylket til felles strategiar for å nå måla i planen.

#### 1.3 Vedtakskompetanse

I følgje plan- og bygningslova §§7-1 og 8-1, og Reglement for folkevalde organ og delegering kap.2.1.1 er det fylkestinget som har mynde til å vedta handlingsprogram for regionale planar.

### 2. Utarbeiding av handlingsprogrammet – medverknad og kunnskapsgrunnlag

#### 2.1 Medverknad

Heilt frå arbeidet med den regionale planen starta opp med utarbeiding av handlingsprogram våren 2020, har det vore omfattande involvering frå mange ulike aktørar i fylket, og også internt i fylkeskommunen. Hausten 2020 gav breitt samansette arbeidsgrupper innspel til utforminga av den regionale planen. Arbeidsgruppene kom også med forslag til strategiar og konkrete tiltak knytt til satsingane. Desse kom ikkje med i den regionale planen, men har danna eit godt grunnlag for arbeidet med handlingsprogrammet.


I samband med høyring og offentleg ettersyn av den regionale planen som blei vedteken i juni, kom det mange munnlege- og skriftlege innspel. Innspela er også vurdert i arbeidet med det fireårlige handlingsprogrammet. Alle høyringsinnspela er tilgjengeleg på [nettsida til fylkeskommunen](#).

Sidan vi hadde omfattande innspel frå tidlegare, så har det vore naturleg å forankre arbeidet med handlingsprogrammet i etablerte strukturar og prosessar der det har vore mogleg. Kompetanseforum Vestland har gitt innspel til satsinga Kompetanseutvikling i arbeidslivet. Prosjektet Grøn region Vestland, som er ei oppfølging av Vestlandsscenarioa, har gitt vesentlege innspel, særleg til satsinga på Grøn næringsutvikling. Gjennom dette arbeidet har det vore brei deltaking.

For satsingane Areal til næringsutvikling og Innovative og inkluderande samfunn vart det sett ned eigne arbeidsgrupper med ekstern deltaking. Det har vore dialog med ei referansegruppe av næringslivsaktørar ved Næringsalliansen Vestland, og ei referansegruppe for kommunedirektørar ved kommunedirektørutvalet i KS Vestland.

Næringsforum Vestland har vore styringsgruppe.

Figuren under viser korleis arbeidet har vore organisert.



## 2.2 Nytt kunnskapsgrunnlag - Grøn region Vestland

I utarbeiding av den regionale planen hadde vi eit omfattande kunnskapsgrunnlag, mellom anna frå Vestlandsenarioa 2020. Grøn region Vestland er eit prosjekt eigd av Vestland fylkeskommune og Innovasjon Norge, og er ei oppfølging av «Vestlandsenarioa 2020». Vestlandsscenarioa peika på nye verdikjeder og forretningsområde kor Vestland kan ta ei leiande rolle og auke si konkurransekraft. Grøn region Vestland skal konkretisere Vestlandsscenario med prosjekt og initiativ. Prosjektet er gjennomført med brei involvering frå bedrifter, næringsaktørar og samfunnsaktørar i heile fylket.

Arbeidet med Grøn region Vestland har gått parallelt med arbeidet med handlingsprogrammet, og er i sluttfasen. Rapporten blir offentleggjort medio november. Prosjektet skal levere eit felles kunnskapsgrunnlag om moglegheiter og barrierar for grøn næringsutvikling i Vestland (hovudrapport), og i fire regionar i fylket (delrapportar). Kartlegginga inneheld analyser av kva nye verdikjeder, forretningsmogleheter og forretningsidear som må utviklast for å gje det meir sannsynleg å lukkast med grøn næringsutvikling og tette eksportgapet.

Prosjektet gir innspel til næringslivet om korleis dei skal innrette seg for å møte den grøne omstillinga. Prosjektet er også eit innspel til kommunane og regionane og til kommunale og regionale planar, og det er eit vesentleg kunnskapsgrunnlag for utforming av handlingsprogrammet. Det gjeld spesielt satsinga Grøn næringsutvikling og strategiar knytt til delmål 1: «Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grøne verdikjelder.

### 3. Innhold og oppfølging av handlingsprogram 2022-2025 - vurderingar

#### 3.1 Oppdrag og føringar frå fylkestinget om å utarbeide handlingsprogram 2022-2025

##### Innleiing

I juni 2021 gav fylkestinget eit oppdrag om å utarbeide sak om handlingsprogram for 2022-2025. Fylkestinget vedtok også nokre føringar for arbeidet med handlingsprogrammet, både i vedtakspunkt og som del av Handlingsprogram for 2021. Handlingsprogram for 2021 peika også på nokre aktivitetar som var i gang, eller kunne setjast i verk med ein gong. Erfaringar frå fleire av desse aktivitetane har bidratt inn i utforminga av handlingsprogrammet.

Føringane frå fylkestinget er innarbeida i handlingsprogram for 2022-2025, eller blir føreslått konkretisert i første årsplan. Vi går her gjennom og kommenterer på oppfølginga av nokre sentrale føringar frå fylkestinget.

##### Sikre og skape arbeidsplassar i bransjar og område sterkt råka av koronapandemien

Fylkestinget bad om at det blei lagt stor vekt på tiltak som sikrar og skaper arbeidsplassar i bransjar, og område råka av korona-pandemien. Og at det i samarbeid med næringslivet blir utvikla industri som møter utfordringane pandemien har avdekkja, til dømes innan smittevern.

Delmål og strategiar i handlingsprogrammet er lagt opp slik at dei støttar opp om bransjar og område som er råka av korona-pandemien, og det er lagt opp til å bygge sterke industrimiljø som kan drive innovasjon på tvers av verdikjeder og bransjar. Det er også stor vekt på omstilling, nye arbeidsmåtar og produksjonar. Oppfølginga av planen skal vere dynamisk. Sjølv om mål og strategiar i utgangspunktet er langsiktige, skal det vere rom for å vri verkemiddelbruk etter behov som endrar seg. Som eksempel på fylkeskommunen si evne til å snu seg rundt når konkrete behov oppstår, har vi ekstraløyvingar til koronatiltak gjort i 2020 og 2021.

##### Næringslivet si rolle

Fylkestinget la til grunn at næringslivet blir sterkt involvert som deltagar og premissleverandør i vidare arbeid.

Næringslivet har vore sterkt involvert i utforming av handlingsprogrammet mellom anna gjennom Grøn region Vestland, i arbeidsgrupper og i Næringsforum. Vi legg opp til framleis tett involvering i vidare arbeid.

##### Planen er førande, men skal ikkje utelukke andre initiativ og tiltak

Fylkestinget la vekt på at næringsplanen er eit førande rammeverk, men skal ikkje utelukke støtte til andre interessante initiativ og tiltak.

Vi skal gjere aktuelle og dynamiske prioriteringar i heile planperioden, dette er slått fast handlingsprogrammet.

##### Næringskompetanse blei trekt fram som viktig

Fylkestinget peika på at det må arbeidast for tilgiungeleg næringskompetanse i alle delar av fylket. Dette er innarbeida i handlingsprogrammet, særleg i satsinga Kompetanseutvikling i arbeidslivet.

##### Utvikling av industrikommunane, og gode rammevilkår for industri basert på fornybar energi

I møte 29. oktober 2020, i sak 134/2020 gjorde fylkestinget følgjande vedtak: Vestland fylkesting vil i oppfølginga av utviklingsplanen og andre styringsdokument for Vestland fylke, leggje stor vekt på å utvikle målretta tiltak for å utvikle industrikommunane. Fylkestinget vil arbeide for gode rammevilkår for industri som er basert på fornybar energi og medverke til at SSB sine prognosar 2020-2050 ikkje blir ein realitet på dette området.

Industrien og industrikommunane er sentrale samarbeidspartar. Vidare er fornybar energi tatt fram som ein nøkkel for arbeidet i planperioden. Både industri og fornybar energi er løfta fram, og konkretisert i samband ut utarbeiding av handlingsprogram.

##### Føringar frå handlingsprogram 2021 og viktige moment frå høyringsinnspele

Dei fleste føringane frå vedtaket i juni og plandokumenta er innarbeida i handlingsprogrammet for 2022-2025, men vi går kort gjennom nokre område som må jobbast meir med i samband med utarbeidning av første årsplan.

- **Fordele oppgåver i partnarskapen** - i handlingsprogrammet har vi peika på aktuelle aktørar i samband med oppfølging av strategiar. Det har vore føremålstenleg å definere mål og strategiar, samt aktuelle aktørar i handlingsprogrammet. Konkrete tiltak og fordeling av oppgåver blir å kome attende til i samanheng med utarbeidning av første årsplan, og knytt til avklaring av administrative og økonomiske ressursar som dei ulike samarbeidspartane kan gå inn med.
- **Rammeverk/avtalar og kommunikasjonsplattform** - det står at det skal utarbeidast rammeverk/avtalar for forpliktande samarbeid. Dette må sjåast i samanheng med punktet over. Det blir vurdert i samband med første årsplan. Det var også lagt opp til å etablere ein felles kommunikasjonsplan. Det blir også vurdert i samband med vidare arbeid med årsplan.
- **Regionråda si rolle i den regionale partnarskapen** - det var mange høyringsinnspel om å konkretisere regionråda si rolle i den regionale partnarskapen. Det var også eit tiltak i handlingsprogram for 2021. KS fasiliterer ein prosess saman med fylkeskommunen som ser på dette.
- **Kopling til kommunane sine planar** - det står at vi skal ha ein dialog om korleis kommunane kan nytte planen i sitt plan og strategiarbeid. Kommunane gjennom KS og representantar frå einskildkommunane har vore delaktige i utforminga av planen. Vi må ha ein nærmare dialog med kommunen i samband med utforming av årsplan, og i oppfølginga av regionale analyser i Grøn region Vestland.
- **Tilpassing og samordning av verkemiddel** - vi ser på dette i samanheng med fordeling av oppgåver i partnarskapen, og avklaringar knytt til ressursar frå dei ulike partane. Det har ikkje vore mogleg å gå i djupna på dette i handlingsprogrammet, og det vert å kome attende til i årsplanar.

### 3.2 Konkretisering av satsingane

I den regionale planen er det definert mål for kvar satsing i planen. Desse ligg fast. I handlingsprogrammet er det definert delmål for satsingane som skal gjelde fram til 2033. Det er også føreslått strategiar knytt til handlingsplanperioden 2022-2025. Vi går gjennom framlegg til delmål i tabellane under. Strategiane går fram av handlingsprogrammet.

Mål og strategiar kan justerast ved behov gjennom ei eventuell rullering av den regionale planen eller handlingsprogrammet.

#### Grøn næringsutvikling

Den førebelse rapporten frå prosjektet Grøn region Vestland har vore eit sentralt grunnlag for utforming av denne satsinga, og då særleg delmål 1 om grøne verdikjeder. Samstundes er Grøn region Vestland konsentrert om område der det er sterkt vekstpotensiale i eksportnæringane, og trekk særleg fram industri og havnæringar. For å lukkast med målet om eit næringsliv med netto-null utslepp må vi også legge vekt på at vi skal ha eit innovativt og grønt næringsliv i heile fylket. Vi må redusere utslepp frå dei store punktutsleppa og realisere nullutsleppsløysingar i bygg- og anleggsnæringane, og vi må halde oppe og legge til rette for ein meir klimavenleg matproduksjon, utvikle eit meir berekraftig reiseliv, og legge til rette for at sirkulære prinsipp ligg til grunn for alle næringar.

I satsinga Grøn næringsutvikling føreslår vi desse delmåla:

Grøn næringsutvikling	
<b>Hovudmål: Eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030</b>	
Delmål 1	Vestland har leiande posisjon internasjonalt i grøne verdikjeder
Delmål 2	Eit innovativt og grønt næringsliv i heile fylket

Kompetanseutvikling i arbeidslivet

Kompetanseforum har vore sentrale i utforminga av denne satsinga. Framlegg til strategi er godt forankra i eksisterande arbeid og etablert partnerskap. Føringa frå fylkestinget i juni om tilgjengeleg næringskompetanse i alle delar av fylke er innarbeida.

I satsinga Kompetanseutvikling i arbeidslivet føreslår vi desse delmåla:

Kompetanseutvikling i næringslivet	
<b>Hovudmål: Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse</b>	
Delmål 1	Vi har rett kompetanse i næringslivet og offentleg sektor
Delmål 2	Det er god tilgang på arbeidskraft
Delmål 3	Vi har tett samarbeid om kompetanseutvikling

Areal til næringsutvikling

Ei arbeidsgruppe har kome med innspel til satsinga. Deltakarane i arbeidsgruppa har vore frå KS Vestland, næringa representert ved Fjord Base AS, Statsforvaltaren i Vestland, Invest in Bergen, Vestland fylkeskommune ved avdeling for innovasjon og næringsutvikling, og avdeling for strategisk utvikling og digitalisering.

I satsinga Areal til næringsutvikling føreslår vi desse delmåla:

Areal til næringsutvikling	
<b>Hovudmål: Rett areal til rett føremål til rett tid</b>	
Delmål 1	Planlegging av næringsareal skjer effektivt, langsigkt og heilskapleg
Delmål 2	Vestland har tilgang til nok eigna næringsareal som er basert på berekraftig bruk av naturressursar
Delmål 3	Kommunane har god tilgang på kunnskap, data, kompetanse, nettverk og samarbeid

Innovative og inkluderande samfunn

Ei arbeidsgruppe med deltakarar har kome med innspel til satsinga. Arbeidsgruppa har hatt deltakarar innovasjonsnettverket INUNET, ein kommune, og Vestland fylkeskommune ved avdeling for innovasjon og næringsutvikling, avdeling for kultur, idrett og inkludering, og avdeling for opplæring og kompetanse.


I satsinga Innovative og inkluderande samfunn føreslår vi desse delmåla:

Innovative og inkluderande samfunn	
<b>Hovudmål: Verdiskaping og nye grøne arbeidsplassar i heile fylket</b>	
Delmål 1	Berekraftige bu- og arbeidsmarknadsregionar med like moglegheiter til deltaking i verdiskaping
Delmål 2	God innovasjonsinfrastruktur uavhengig av geografi

### 3.3 Kritiske oppdrag

Fire kritiske oppdrag

Vi ser at nokre viktige suksessfaktorar peikar seg ut for at vi skal vere i posisjon til å nå hovudmålet i planen; at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Vi har difor valt å peike på fire kritiske oppdrag som må løysast:



Dei tre første oppdraga tek utgangspunkt i rapporten frå Grøn region Vestland som trekkjer fram nokre suksessfaktorar for å få Vestland i ein leiande posisjon i overgangen frå ein oljesmurt region til eit grønt kraftsenter med sterk vekst på nye eksportområder. Desse suksessfaktorane er hovudsakleg knytt til industriell utvikling rundt sentrale knutepunkt, tunge nasjonale satsingar og ei forventa utvikling i vår viktigaste eksportmarknad - EU, og det enorme næringspotensialet vi har knytt til havressursane og kraftressursane våre. Skal vi lukkast med å oppnå målet om at skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon er det også ein suksessfaktor at vi tek i vare det biologiske mangfaldet og matjorda vår, og at vi nyttar naturressursane våre på ein måte som legg grunnlag for eit innovativt og grønt næringsliv i heile fylket.

Delmål og satsingar bygger opp om dei kritiske oppdraga. Innhaldet blir ytterlegare konkretisert gjennom utarbeidning av årsplanar. Vi går kort i gjennom kva vi legg i dei kritiske oppdraga:

#### Bygge strategiske grøne hubar gjennom industriell symbiose

Grøn region Vestland har i sin rapport kartlagt dei viktigaste hubane for grøn næringsutvikling i fylket. Realisering av potensialet i desse hubane er kritisk for å klare å nytte potensialet som ligg i nye grøne verdikjeder, sikre konkurransekraft, og gjere naudsynte utsleppskutt. Eit heilskapleg arbeid med industriell symbiose er ein nøkkel for dette arbeidet.

#### Ta posisjon som den globalt leiande havregionen

Dei nye grøne verdikjedene er i stor grad havbaserte, og Vestland skal bli den leiande havregionen både nasjonalt og internasjonalt. Vi må bygge på eksisterande kompetanse når vi skal realisere potensialet innan havnæringerne. Vi har leiande næringsliv innan dette område, og vi må bygge komplette økosystem, partnarskap og sikre at nasjonale satsingar vert lagt til Vestland. Vidare arbeid med Havbyen Bergen er ein del av dette.

#### Bygge innovativ grøn infrastruktur

Det er viktig å sikre god infrastruktur for å realisere dei grøne verdikjedane. Fornybarproduksjonen må aukast for å gjennomføre dei store omstillingss prosjekta. Mange store infrastrukturprosjekt er planlagt i åra som kjem, og vi må sikre grøne innovasjonar og lokale leveransar til desse prosjekta. Det er stort potensiale for energi- og materialgjenvinning i dei grøne knutepunkta. Ressursane må nyttast betre lokalt.

#### Sikre det biologiske mangfaldet og ta vare på matjorda

Det grøne skiftet betyr omstilling til eit samfunn der utvikling og vekst skjer innafor tolegrensa til naturen. Dette inneber betre ressursutnytting, kunnskapsbasert forvaltning av naturressursar og mindre belastning på miljø og klima. Difor er klima- og miljømåla eit premiss for samfunnsutviklinga. Alle sektorar skal omstilla slik at det blir mindre press på ressursane. Det er også stort verdiskapingspotensiale i å legge om aktiviteten til sirkulære prinsipp, og ved å nytte ressursane på nye måtar.

#### **3.4 Kopling til temaplanar, og andre regionale planar og strategidokument**

Utviklingsplanen har lagt føringar for at dei ulike regionale planane skal sjåast i samanheng.

Fylkestinget har vedtatt oppstart av ei rekke regionale planar som er kome ulikt langt i prosessen. Fylkeskommunen har også ein vedteken internasjonal strategi. Vi har mange delmål og strategiar i vårt handlingsprogram som har sterke tangeringspunkt med andre regionale planar, særleg dei komande planane for fornybar energi og kompetanse. Eksempel på sterke tangeringspunkt er strategien under Grøn næringsutvikling: Sikre at fornybar energi, produsert i Vestland, vert distribuert og nyttar til dei store omstillingss prosjekta i regionen, samt satsinga på kompetanseutvikling i næringslivet.

I arbeidet med å utvikle plan og handlingsprogram har vi samordna oss med andre regionale planar, men her ligg regional plan for innovasjon og næring føre dei andre i løypa tidsmessig, så dette blir endå viktigare framover, og samordninga må også gå begge vegar.

Vi har starta arbeidet med fire temaplanar forankra til den regionale planen for innovasjon og næringsutvikling. Fylkesutvalet har handsama oppstartsak for Temaplan forsking, og det blir jobba med utforming av oppstartssak for dei andre temaplanane, reiseliv, landbruk, og breiband og digitalisering. Vi har kopla temaplanane til strategiane i handlingsprogrammet. Vi vil sikre god kopling mellom temaplanar og årsplanar også i det vidare.

### **3.5 Resultat- og effektmåling**

Den regionale planen slår fast at det skal utarbeidast eit indikatorsystem for å overvake utvikling i fylket og evaluere om tiltaka som blir sett i verk, fører til effektive verkemiddel og måloppnåing.

I framlegget til handlingsprogram ligg det eit sett med indikatorar eigna for å overvake utviklinga. Nye indikatorar vil kome til i samband med årsplanar. Dette er mellom anna knytt til European Green Deal, med tilhøyrande klassifiseringssystem (taksonomi). Vi skal også få på plass ei sterkare integrering av indikatorar knytt til FN sine berekraftsmål. Dette må vere knytt til eit felles arbeid for Utviklingsplanen og andre regionale planar. Vi må også få på plass evalueringar av utvalde område, og ei dynamisk framstilling som viser utviklinga.

### **3.6 Oppfølging vidare – forpliktande partnarskap og utarbeiding av årsplan**

Partnarskap er styringsform for arbeidet med oppfølging av den regionale planen. Partnarskap skal vere forpliktande, og sikre at sentrale aktørar bidrar til å gjennomføre strategiane og at vi saman når måla. Årsplanane skal sikre koordinert og effektiv bruk av ressursar som partnarane disponerer. Målet er at årsplanane skal synleggjere samla ressursinnsats, og mange aktørar må bidra inn med administrative og økonomiske ressursar. Konkrete tiltak, og fordeling av ansvar og disponering av ressursar vil kome på plass i felles årsplanar og avtaleverk. Fylkessdirektøren arbeider med mål om å legge fram årsplan i hovudutvalet sitt møte i februar.

Næringsforum er styringsgruppe for arbeidet. Næringsforum får i oppgåve å utvikle årsplanar og sikre framdrift i arbeidet. Næringsforum er også ein viktig arena for koordinering mellom partnarane.

Fylkestinget vedtek regional plan og handlingsprogram, og hovudutvalet vedtek årsplanar. Utvala har ei viktig rolle ved å sikre at ressursar blir sett av i tråd med prioriteringar i plandokumenta. Mange av satsingane er også avhengige av politisk påverknad som verkemiddel.

Trong for å rullere handlingsprogrammet blir vurdert årleg i tråd med plan og bygningslova. Målet er at handlingsprogrammet skal ligge fast i fire år, men vi skal evne å gjere justeringar dersom det blir store endringar i rammevilkår eller for å snu oss om og gripe moglegheiter som kjem opp.

Prosjektet Grøn region Vestland har gått parallelt med utarbeiding av handlingsprogrammet. Rapporten er kunnskapsgrunnlag til handlingsprogrammet, men har også viktige tilrådingar til næringa og delrapportar knytt til barrierar og moglegheiter i regionane. Det har vore stor involvering og merksemd knytt til Grøn region Vestland. Handlingsprogrammet er det politisk styrande dokumentet, og den regionale planen skal også kunne vere ein plan for kommunane. Kommunane og regionane får også viktige innspel fra Grøn region Vestland. Eit av tiltaka i satsing på Grøn næringsutvikling er å vurdere om det behov for nye tiltak eller ny organisering i lys av kunnskapsgrunnlaget fra Grøn region Vestland. Det er viktig at vi sikrar gode og koordinerte prosessar framover, unngår dobbelt arbeid og kommuniserer tydeleg.

### 3.7 Vurderingar og verknader – Utviklingsplan, økonomi, klima og folkehelse

**Økonomi:** Den regionale planen med tilhøyrande handlingsprogram skal påverke korleis fylkeskommunen og partnarane innan innovasjon og næringsutvikling innrettar ressursbruken for å nå vedtekne mål. Dette legg føringer for prioriteringar i årlege budsjett og økonomiplanar, og vert konkretisert gjennom årsplanar.

**Klima:** Klima og berekraft er gjennomgåande i heile planen og handlingsprogrammet. Målet er at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Klimaomstilling og nullutsleppssamfunnet skal ligge til grunn for samfunnsutviklinga og er løfta fram i mål og strategiar. Vi har eit ambisiøst mål om at vi skal ha eit næringsliv i Vestland med netto nullutslepp i 2030

**Folkehelse:** I tråd med folkehelselova er det utarbeidd ein folkehelseoversikt som grunnlag for plandokumenta til Vestland fylkeskommune. Utfordringar og moglegheiter som er skildra i oversikta, er lagt til grunn for mål og strategiar, og for vurderinga av behov for planar. Ei berekraftig utvikling må bygge på både omsyn til klima- og miljø, økonomi og sosiale forhold. Innovative og inkluderande samfunn er ei av satsingane i planane. At Vestland sine innbyggjarar skal ha like moglegheiter til å delta i verdiskaping, og at vi skal ta i bruk ressursane i befolkninga er viktige moment i denne satsinga.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Visjonen i den regionale planen er den same som i utviklingsplanen - nyskapande og berekraftig. Måla i utviklingsplanen ligg til grunn for Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025.

Satsingane i handlingsprogrammet bidrar alle til å nå mål og strategiar i utviklingsplanen. Når det gjeld FN sine berekraftmål vil handlingsprogrammet legge til rette for langsiktig og berekraftig verdiskaping, og særleg bidra til å nå dei økonomisk berekraftmåla, utan vesentleg negativ påverknad på naturkapitalen.

### 4. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår fylkestinget til å vedta Berekraftig verdiskaping - handlingsprogram 2022-2025 slik det ligg føre som vedlegg til denne saka.

Hovudutval for næring får ansvar for å følgje opp handlingsprogrammet, mellom anna gjennom vedtak av årsplanar. Økonomi og ressursdisponering vert å ta stilling til i samband med årsplanar. Måla og strategiane i handlingsprogrammet vil legge føringer for fylkeskommunen sitt budsjett og økonomiplanar frå 2022. Fylkesdirektøren vil legge fram første årsplan på nyåret 2022.

Fylkestinget bør legge til grunn at partnarskapen innan innovasjon og næringsutvikling innrettar ressursbruken sin for å nå vedtekne mål, og at mange partnarar bidrag med både økonomiske ressursar og andre ressursar inn i arbeidet. Målet er at samla ressursbruk vert synleggjort og konkretisert gjennom årsplanane.